

Prosjektmandat for vidareføring av forprosjekt

Psykologkompetanse til kommunane: modell for å rekruttere og behalde

– eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane i Nordhordland
og Helse Bergen HF v/BUP Nordhordland og Bjørgvin DPS

Prosjektkoordinator: NUI v/Tonje Husum Aarland	Prosjektleder: Styringsgruppa v/leiar Ove Sæbø	Prosjekteigar: Regionrådet i Nordhordland og Helse Bergen HF
---	---	--

Endringslogg

(ved endringer i endeleg mandat)

Versjon	Dato	Endring	Produsent	Godkjent
1.0	28.08.2020	Godkjent utkast	NUI/st. gruppa	Styringsgruppa

1. Bakgrunn

Auka rekruttering og tilsetjing av psykologar er halde fram som eit viktig helsepolitisk tiltak for å styrka den kommunale helse- og omsorgstenesta. Frå 1.januar 2020 er kommunane pålagd å ha psykolog som ein del av kjernekompetansen i den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Psykologkompetansen er sentral både for planarbeid, førebyggjande arbeid og for behandlingstilbodet i kommunane.

Samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland

Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland (2014-2017) har som formål å bidra til mellom anna tilstrekkeleg kompetanse og fagmiljø i kommunane og regionen, samt interkommunal samordning i møte med spesialisthelsetenesta. Det er definert fire innsatsområde, og to av desse er særleg relevant for prosjektet; samarbeid om ressurs- og kompetansekreivjande oppgåver (6.2) og rekruttering og kompetanse (6.3). Under framtidige samarbeidstiltak, er nemnt samarbeid om psykolog, rekruttering, kompetanseutvikling og samarbeid med utdanningsinstitusjonane og helseføretak.

Det er eit mål at det interkommunale samarbeidet og samarbeidsfora skal støtta opp under oppfølging av samarbeidsavtalar og grunnlagsdokument for det etablerte samarbeidet mellom kommunar og sjukehus, og vere eit supplement til denne strukturen (samarbeid mellom Helse Bergen, Haraldsplass Diakonale Sjukehus og dei 22 kommunane i lokalsjukehusområdet). Tenesteavtale 7 omhandlar samarbeid om forskning, utdanning, praksis og læretid. Denne tenesteavtalen kan bli supplert med særavtaler og retningsliner for særlege område, til dømes psykologar i spesialisering. *Under punkt 9 i tenesteavtalen vert det vist til at partane skal arbeide for å «gjensidig hjelpe til med spesialistutdanning av legar, tannlegar og psykologar, mellom anna ved å leggje til rette for utdanningsstillingar på både tenestenivåa» (9.1).*

Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland er under revidering i 2020.

Forprosjekt 2019/20

Etter tilbakemeldingar frå kommunane om utfordringar med å rekruttere psykologar, og at dei som har vore tilsett sluttar etter kort tid, vart det sett i gang eit forprosjekt for å utarbeide forslag til samarbeidsmodell med Helse Bergen HF for rekruttering av psykologar. Kommunalsjefsgruppa for helse og omsorg i Nordhordland saman med representant frå Helse Berge HF har fungert som styringsgruppe for forprosjektet, og fortsetter som styringsgruppe i vidareføring av prosjektet. Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) har hatt koordinerande funksjon og følgd opp styringsgruppa og arbeidsgruppa.

Arbeidsgruppa i forprosjektet har vore sett saman av representantar frå aktuelle fagmiljø, og har utarbeida forslag til mogleg samarbeidsmodell mellom kommunar og spesialisthelsetenesta med formål om å auka rekrutteringa og gje betre tilgang til slik kompetanse over tid. Det føreligg ein visualisering av korleis dette kan fungere. Tilrådingane frå arbeidsgruppa står i prosjektrapporten, der ein kan lese meir om utgreiingane og vurderingane til arbeidsgruppa.

Regionrådet i Nordhordland har slutta seg til styringsgruppa sitt vedtak om vidareføring av prosjektet til ei førebuingsfase med konkretisering av innhald og planlegging for gjennomføring.

Vidareutvikling av samarbeidsmodell for å rekruttere og behalde psykologkompetanse i kommunane

Det er søkt om og motteke prosjektmidlar frå Fylkesmannen (skjønsmidlar) og Helsedirektoratet (kompetanse- og innovasjonstilskot) til vidareføring av forprosjektet for å planlegge/førebu for fase 2 med mål om å prøve ut samarbeidsmodellen med tiltaka i praksis.

Dette mandatet omhandlar organisering, aktiviteter, forventat resultat og budsjett for det vidare arbeidet før oppstart av eit eventuelt pilotprosjekt, etter bestilling frå styringsgruppa.

2. Mål, hovudinnhald og forventa resultat

Forslaget til samarbeidsmodell tek utgangspunkt i eit forpliktande interkommunalt samarbeid med fokus på rekruttering av psykologar til eit større og stabilt fagmiljø. Det er foreslått at dette fagmiljøet kan vere samansett av både faste tilsette psykologar frå kommunane, samt psykologar som er under spesialisering i eit foreslått samarbeidstiltak med Helse Bergen HF som vert omtala «KOMPIS» (kommunepsykologar i spesialisering).

Overordna mål er at fagmiljøet kan danne grunnlag for å sikre naudsynt kompetanse i helse- og omsorgstenestene i kommunane, samt utvikle fag- og tenester i samarbeid mellom kommunane og spesialisthelsetenesta, og eventuelt forskingsmiljø.

Hovudinnhald i denne førebuingssfasen er å konkretisere samarbeidsmodellen, avklare organisering, omfang og kostnader for tiltaka, og å få utarbeida naudsynte avtalar og legge til rette for gjennomføring av fase 2; pilotering/utprøving. Det skal også utarbeidast søknad om eksterne midlar til gjennomføring av utprøvinga, med prioritering av «KOMPIS»-stillingar.

Resultater av denne fasen av prosjektet er å planlegge og legge til rette for gjennomføring av pilotprosjektet. Det overordna resultatet er auka rekruttering av psykologkompetanse til kommunane og eit stabilt fagmiljø med fokus på tverrfagleg, forskingsbasert tenesteutvikling i- og mellom kommunane, spesialisthelsetenesta og eventuelt forskingsmiljø/utdanningsinstitusjon.

3. Hovudaktiviteter og milepælsplan

3.1 Hovudaktiviteter

Hovudaktivitet	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.	Jan.	Feb.	Mars	Apr.
Ferdigsstille mandat	X								
Interkommunal avtale		X	X	X	X	X	X		
<i>Undersøke mogleg organisering og rammer</i>		X	X	X					
<i>Utkast til avtale</i>			X	X	X				
<i>Ferdig avtale til godkj.</i>					X		X		
Avtale om «KOMPIS»			X	X	X	X	X		
<i>Struktur og innhald</i>			X	X	X				
<i>Framlegg til avtale</i>					X	X	X		
Rapportering midlar FM og Hdir						X			
Avtale med UiB og evt. andre om akt. samarbeid	X	X	X	X	X	X	X		
Sikre finansiering til gjennomføring av pilot				X	X	X	X	X	
Rapport med skisse til pilotprosjekt							X	X	X

3.2 Milepæler

	Beskrivelse av kva milepælen består av (tilstand)	Ferdig dato	Godkjennes av
M1	Mandat for vidareføring av forprosjekt	28.08.20	Styringsgruppa
M2	Når avtale(r) for interkommunalt samarbeid om felles psykologstillingar er klar til godkjenning	Desember 2020	Styringsgruppa → <i>Regionråd + kommunane</i>
M3	Når avtale om samarbeid mellom Helse Bergen HF og kommunane om «KOMPIS»-pakke (spesialiseringsløp) er klar til godkjenning	Februar 2021	Styringsgruppa → <i>Regionråd + SU</i>
M4	Når rapportering av midlar er gjennomført	Januar 2021	St.gruppa v/leiar
M5	Når samarbeidsavtale med UiB (og evt. andre) er avklart og klar til godkjenning	Jan./feb. 2021	Styringsgruppa
M6	Når rapport med prosjektskisse vert lagt fram til handsaming til prosjekteigar	Mars/april 2021	Prosjekteigar

3.3 Konsekvenser for drift og forvaltning

Prosjektets resultatmål

Kva som skal vere oppnådd når prosjektet er ferdig:

- Godkjent(e) avtale(r) om interkommunalt samarbeid
- Godkjent avtale om samarbeid om «KOMPIS»
- Forslag til finansiering
- Eventuelle avtalar med UiB eller andre forskingsmiljø/utdanningsinstitusjonar
- Forslag til prosjektskisse for gjennomføring av pilotprosjekt

Effekt mål

Langsiktige verknader, verdiskaping og gevinst:

- Auka rekruttering til eit stabilt fagmiljø med psykologkompetanse som dekker lovkravet og det regionale behovet
- Interkommunale og tverrfaglege samarbeidsstrukturer som legg til rette for eit forskingsbasert og utviklande tenestetilbod innan psykisk helse- og rus
- Gode samarbeidsstrukturer mellom kommunar og spesialisthelsetenesta som bygger oppunder kompetanseutvikling og felles fag- og tenesteutvikling innan psykisk helse- og rus

4. Organisering

Styringsgruppa til prosjektet består av representant for Helse Bergen HF og kommunalsjefsgruppa for helse- og omsorg i Nordhordland. Leiar i styringsgruppa er Ove Sæbø, jf. vedtak i st.gr. 06.09.2019.

Styringsgruppa:

Helse Bergen HF	Geir Lien, spesialrådgiver, Haukeland universitetssjukehus
Alver kommune	Leni Dale, kommunalsjef helse- og omsorg
Austrheim kommune	Monika Kvamme, kommunalsjef helse- og omsorg
Fedje kommune	Kim Andre Vangberg, helse- og omsorgssjef
Gulen kommune	Ingebjørg Søreide, kommunalsjef omsorg
Masfjorden kommune	Odvin Neset, kommunalsjef helse- og omsorg (frå sept.2020)
Modalen kommune	Ove Sæbø, ass. rådmann
Osterøy kommune	Nina Kvamme, sektorleiar helse- og omsorg

NUI vil i førebuiingsfasen fungere som koordinator, og har hovudansvar til å følgje opp mandatet.

Koordineringsfunksjonen er rekna til vere tilsvarande 20 % stilling.

For å følgje opp dei ulike tiltaka i denne fasen, vil ein etablere ressurskontakter som skal ha eit særleg ansvar for å bidra med råd og støtte til koordinator undervegs og mellom rapportering til st.gruppa.

Forslag til ressurskontakter for arbeid med interkommunal avtale(r):

Representant frå leiarnivå i kommunane + representant frå fagområdet psykisk helse og rus

Forslag til ressurskontakter for arbeid med avtale om «KOMPI»:

Representantar frå kommunane + representantar frå VOP og BUP (H-B)

Det er fleire moglege samarbeidspartar i prosjektet, og ein skal i løpet av prosjektet utvikle føremålstenleg samarbeid med desse.

Organisasjon/person	Interesse	Korleis vert dette ivaretatt i prosjektet?
Kommunane	Utvikling av tenester til innb., kompetanseutvikling, rekruttering	Styringsgruppe og ressurskontakter
Helse Bergen HF	Utvikling av tenester til innb., kompetanseutvikling, rekruttering	Styringsgruppe og ressurskontakter
Universitetet i Bergen	Forskning, fagutvikling	Møter med UiB v/psyk.fak. og evt. ressurskontakter
Psykologforeninga	Rammer for spesialisering og arb.rammer for psykologar, fag- og kompetanseutvikling	Drøfte med ressurskontakter
RKBU	Utvikling av fag- og kompetanseutvikling, forskning	Drøfte med ressurskontakter
Hdir og Hdep	Regional pilot som kan ha nasjonal interesse	Vil søkje nasjonale midlar og rapportere på desse
KS	Regional pilot som kan ha nasjonal interesse	Til drøfting

5. Budsjett

5.1 Finansiering

Prosjektet har i denne førebungsfasen fått tildelt 100 000,- frå Hdir og 200 000,- frå Fylkesmannen i Vestland. Samarbeidspartane har eigeninnsats i prosjektet, tilsvarende 300 000,-. Frist for rapportering av skjønsmidlar frå Fylkesmannen er sett til 1. februar 2021.

5.2 Planlagt forbruk

Kostnader:	Budsjett:
Lønnsutgifter: 500 000,-	
<i>Prosjektkoordinering (20% NUI)</i>	<i>200 000</i>
<i>Eigeninnsats (samarbeidsp.)</i>	<i>300 000</i>
Møter / reiser	40 000
Kjøp av konsulenttenester/godtgjørelser	40 000
Kontor, dataverktøy + div.	10 000
<i>Andre utgifter</i>	<i>10 000</i>
Totale kostnader:	600 000
Inntekter:	
Fylkesmannen, skjønsmidlar	200 000
Kompetanse- og innovasjonstilskot (Hdir)	100 000
Eigeninnsats i kommunane	300 000
Totale inntekter:	600 000

6. Prosjektstyring

Koordinator rapporterer til styringsgruppa 2 ganger per halvår undervegs i prosjektperioden, og skal minimum rapportere på fremdrift, kvalitet og økonomi.

Styringsgruppa legger fram sluttrapport med prosjektskisse for gjennomføring av pilotprosjekt til prosjekteigar (Regionrådet).

NUI har arkivansvar.

Vedlegg:

- Referat frå Regionrådet 2018 + 2020
- Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland 2014 – 2017 (reviderast 2020)
- Rapport frå forprosjekt
- Oppdatert oversikt over arbeidsflyt og forventa ressursbruk
- Aktivitets- og arbeidsplan
- Skisser av utkast til samarbeidsmodell og tilknytta planar